

"DET ER FORTELJAREVNA SOM GJER OSS TIL MENNESKE"

AV BERIT OKSFJELLELV

TEKST OG FOTO

Det fantastiske i den nordiske forteljinga: Første veka i august brukte nær førti morsmåslærarar frå heile Norden ei veke av ferien sin for å lære meir om korleis ein kan nærme seg fantastisk litteratur i undervisninga. I år var det Noreg og LNU sin tur til å arrangere Nordspråk sitt sommarkurs, og sol og varme tok i mot kursdeltakarane på den fantastiske Helgelandskysten.

Ivar Roger Hansen, dagleg leiar ved Petter Dassmuseet, innleidde med å fortelje sagnet om trollfjella langs Nordlandskysten. Dette danna den geografiske og mytologiske ramma rundt kurset. Det fantastiske elementet var til stades i alle forteljingane Hansen drog fram, og den

utopiske øya Sandflæsa var kanskje den mest spennande. Øya var innteikna på kart frå 1600-talet, men i opplysningstida forsvann denne destinasjonen frå karta. Også Petter Dass fekk knytta segner til sin person. "Petter Dass på fandens rygg" er ei overnaturlig myte som har inspirert Gustav Vigeland til å lage ei skisse som sidan har vore bruka som framsideillustrasjon til Dass' langt meir jordnære *Nordlands trompet*.

Stipendiat ved NTNU, Gerd Karin Omdal, gav tilhørarane ein teoretisk ballast for arbeidet med fantastisk litteratur i klasserommet. Gjennomgangen hennar synta at "fantasy" ikkje er nokon ny sjanger, (noko du kan lese meir om ein annan stad i bladet, der delar av føredraget hennar er trykt som artikkel).

Tre skjønnlitterære forfattarar var inviterte for å snakke om bøkene sine. Alle skriv fantastiske romanar med unge som hovudpersonar. Ein annan fellesnemnar

viste seg å vere at alle hadde vorte inspirert av dei unge i sin eiga familie til å skrive desse bøkene.

Josefine Ottesen frå Danmark innleidde sitt føredrag med å dra sverdet! I samband med utgjevinga av trilogien om *Krigeren* har Ottesen sett seg inn i skilnadene mellom to krigarideal; berserkane vikingtida her heime i Norden og samuraiane i Japan. Ulikskapen mellom desse ideala speglar seg og i våpna desse krigartypene brukte, og Ottesens demonstrasjon av sverda var populær hos tilhørarane. Det vil nok bli fleire skuleklassar som kjem til å lese forteljinga om *Krigeren* dette skuleåret!



Sólrun Michelsen

Josefine Ottesen demonstrerer vikingesverd.

Fredelegare var den færøyske forfattarens føredrag. Sólrun Michelsens litteratur er ikkje så godt kjend i dei andre nordiske landa. Forlaga prioriterer ikkje å omsetje færøysk litteratur, og det finst ikkje like gode støtteordningar for å omsetje frå færøysk som til dette språket som blir bruka av nær 60 000 menneske. *Hin út-*





Fra v. Malin Berström, Anu-Katja Nurmi og Niclas Janz ser utover Helgelandskysten.

valdi og *Geislasteinar* er to av bøkene hennar som har fått mykje merksemd. I tillegg til hovudpersonane Ari og Kol finne ein òg underjordiske i persongalleriet. Niklas Janz gav ut debutromanen sin i fjor, *Tornrummets hemlighet*, som har fått gode kritikkar i Sverige. Janz skriv på oppfølgjaren no, og det er nok mange unge lesarar som er spente på korleis det kjem til å gå med Mirjam og Milan og reisa deira mellom draum og verkelegheit. Janz, som er zoolog av yrke, gjekk 70 000 år tilbake for å finne røtene til forteljarkunsten. Då lagde menneska helleristingar som ikkje hadde bruksverdi, men berre var rein kunst. Janz tolka helleristingane som utgangspunkt for sogetorteljning.

- Det som gjer oss til menneske er evna til å fortelje soger, meiner Janz.

KONTRASTAR

Det var lagt inn to turar i programmet. Den eine dagen gjekk turen med buss og to ferjer til Alstahaug. Her fekk lærarane frå Noreg, Sverige, Danmark, Finland og Færøyane sjå det nye Petter Dass-museet, teikna av det velrenommerte arkitektfirmaet Snøhetta. Bygninga er skoren inn i fjellet rett ved middelalderkyrkja der Petter Dass var prest på 1600-talet, og arkitektur frå fleire epokar møtest på ein flott måte. På tilbaketuren var det lagt inn ein stopp på Tjøtta, på ein krigskyrkjegard som vitna om ei historie berre få av dei nordiske lærarane kjende til frå før: senkinga av det tyske krigsskipet Rigel som var lasta med russiske krigsfangar. 2 500 menneske døde, og alle ligg gravlagde på denne kyrkjegarden. Ved sida av er ein annan kyrkjegard der alle dei russiske

fangane som døde i arbeidsleirar i Nord-Noreg under 2. verdskrig ligg gravlagde. Desse historiene frå den verkelege krigen gav ei motvekt til Ottensens forteljning *Krigeren*.

Den siste turen gjekk til holet i Torg-hatten, denne mytologiske fjellformasjonen som i si tid lokka fram opphavssegner hos fiskarar i leia, og framleis appellerer til fantasien hos einkvar. Turmålet baud på flott utsyn over Helgelandskysten, og var ei mektig oppleving.



BERIT OKSFJELLELV er for tida frilanser. Hun har arbeidet som norsklektor i videregående skole og i grunnskolen, og hun har erfaring fra Navnekonulenttjenesten og fra Norsk Ordbok 2014.